



**Austrheim**  
KOMMUNE


# **Forskrift om folkevalde sine arbeidsvilkår**

**2024**

Forskrift gjeldande frå 1. januar 2024, om godtgjering og utgiftsdekking for folkevalde. Fastsett av Austrheim kommunestyre 22. juni 2023 med heimel i lov 22. juni 2018 nr. 83 om kommunar og fylkeskommunar (kommunelova) §§ 8-3, 8-4, 8-6 og 8-10.

## Innhald

§ 1 Føremål.....	3
§ 2 Kven er den folkevalde? .....	3
§ 3 Kva ikkje-økonomiske rettar har den folkevalde? .....	3
§ 4 Kva plikter har den folkevalde?.....	3
§ 5 Kva økonomiske rettar har den folkevalde?.....	4
§ 6 Verv med fast godtgjering: Ordførar, varaordførar, formannskapet, leiar utval for levekår og leiar av kontrollutvalet.....	5
§ 7 Arbeidsgodtgjering til medlemmer i ulike utval.....	6
§ 8 Utbetaling og reknemåte.....	7
§ 9 Anna godtgjering til ordførar .....	7
§ 10 Anna godtgjering til fast medlem i kommunestyre, formannskap og utval .....	7
§ 11 Godtgjering til røystestyra .....	7
§ 12 Støtteordningar til politiske parti .....	7
§ 13 Tolking, klagehandsaming .....	8
§ 14 Revisjon av forskrifa.....	8
§ 15 Iverksetting .....	8



## § 1 Føremål

Forskrifta skal leggja til rette for brei rekruttering til kommunalt tillitsverv, gjennom økonomiske ordningar som gjer det mogeleg for alle å delta i lokalpolitikken.

I tillegg skal teksten gje eit oversyn over rettar og pliktar for dei folkevalde.

## § 2 Kven er den folkevalde?

Folkevalde er dei som er medlemmer av kommunestyret eller anna folkevald organ (jf. Kommunelova §§5-1 og 5-2). Dei folkevalde sine rettar og plikter følgjer av kommunelova, forvaltningslova og kommunestyret sine eigne vedtak.

Ein person er valbar og pliktar å ta i mot val dersom følgjande vilkår er innfridde: (jf. Kommunelova § 7-2, 3. ledd):

- Personen har røysterett ved kommunestyre- og fylkestingsval.
- Personen er innført i folkeregistrert som busett i Austrheim kommune på tidspunktet for det aktuelle valet.
- Personen har gitt skriftleg samtykke til å stilla til val.

Personar som ikkje har nådd røysteretsalder, men som fyller vilkåra for valbarheit og røysterett, er valbare. Men desse er ikkje pliktige til å ta i mot val.

## § 3 Kva ikkje-økonomiske rettar har den folkevalde?

1. Å få fri frå sitt arbeid i det omfang som er naudsynt på grunn av møteplikt i kommunale utval/organ (jamfør kommunelova § 8-2, 1. ledd).
2. Å få innvilga permisjon arbeidet sitt i valperioden, for å utføra heil- eller deltids kommunalt verv, til dømes permisjon til å utføra vervet som ordførar (jamfør kommunelova § 8-2, 2. ledd).
3. Å søkja om fritak frå vervet, for eit kortare tidsrom eller resten av valperioden, dersom vedkommande ikkje utan «uforholdsmessige» vanskar eller belasting kan skjøtta sine plikter i vervet (jamfør kommunelova § 7-9, 2. ledd).
4. Å be om fritak frå å delta ved handsaming av ei sak når viktige personlege grunnar tilseier dette (jamfør kommunelova § 11-11).
5. Å få dekka utgifter og økonomiske tap som følgjer av vervet (jamfør kommunelova § 8-3, 1. og 2. ledd).
6. Å få godtgjering for arbeidet som folkevald (jamfør kommunelova § 8-4).
7. Å få innsyn i saksdokument, og få informasjon om saker under handsaming.
8. Å få opplæring om grunnleggjande prinsipp for kommunal verksemد, i byrjinga av valperioden. Ein kan i løpet av perioden vurdera om ein skal gjennomføra opplæring utover dei grunnleggjande kursa for folkevalde. Det er ordførar og kommunedirektør som har ansvaret for å setja i verk denne opplæringa.

## § 4 Kva plikter har den folkevalde?

1. Å ta i mot val til kommunale organ, med unntak av der kommunelova og vallova opnar for fritak (jamfør kommunelova § 7-2 og vallova § 3-3).
2. Å delta i møte i kommunale organ der vedkomande er valt til medlem, med mindre han/ho har gyldig forfall (jamfør kommunelova 8-1, 1. ledd).

3. I god tid gje beskjed om tilhøve som gjer, eller kan gjera, vedkomande ugild i saker som skal handsamast (jamfør forvaltningslova kapittel 2. § 8, 3. ledd og kommunelova § 11-10).
4. Å gje si røyst når ei sak blir teken opp til avrøysting. Det er berre ved val og tilsetjing det er løyve til å røysta blankt (jamfør kommunelova § 8-1, 2. ledd).
5. Å melda forfall skriftleg, med grunngjeving, om ein ikkje kan stilla i eit møte.
6. Dei folkevalde pliktar lojalt å halda dei lover, forskrifter og reglement som til ei kvar tid gjeld for folkevalde i Austrheim kommune.
7. Dei folkevalde pliktar å gjera seg kjent med kommunen sine etiske retningslinjer.

## § 5 Kva økonomiske rettar har den folkevalde?

Den som har tillitsverv i Austrheim kommune, har rett å få godtgjering for sitt arbeid som folkevald, og få dekka utgifter og økonomisk tap som kjem som følgje av vervet. Dette inneber:

1. Godtgjering gitt av verv, eller per møte, som lista i denne forskrifta.
2. Skyss, kost- og overnattingsgodtgjering for reiser i samband med vervet, når dette er utanfor kommunegrensene. Satsane er dei som er fastsette i kommunens reiseregulativ.
3. Dekking av utgifter som følgje av vervet, også utgifter til naudsynt barne-pass og andre omsorgsoppgåver som den folkevalde ikkje kan utføra på grunn av vervet.
  - Øvre grense for dokumenterte krav er per møte/dag 2/1950 av ordførar si årlege godtgjering.
  - Øvre grense for ikkje dokumenterte krav er per møte/dag 1/1950 av ordførar si årlege godtgjering.
  - Ved fleire samanhengande møte på ein dag blir det berre dekka for eitt møte.
4. Erstatning for tapt inntekt som følgje av vervet som folkevald – tilsett:
  - Tapt inntekt kan erstattast med per dag inntil 1/220 av ordførar si årlege godtgjering, for dokumenterte tap.
  - Time for time er øvre grense 1/1950 av ordførar si årlege godtgjering. Tapet skal dokumenterast av arbeidsgjevar.
  - Arbeidsgjevar som ikkje trekker arbeidstakar i løn, kan senda krav til kommunen for brutto lønsutgifter.
5. Erstatning for tapt inntekt som følgje av vervet – næringsdrivande:
  - Sjølvstendig næringsdrivande skal dokumentera inntektstapet med siste tilgjengelege skattemelding.
  - Ikke dokumenterte tap av inntekt blir erstatta per dag med 2/1950 av ordførar si årlege godtgjering.
  - Det er ein føresetnad at møte er halde på eit tidspunkt der vedkomande må ta fri frå sitt daglege arbeid for å delta.
  - Dokumentasjonen må visa kva tapet refererer til.
6. Godtgjering for møte på fridag:
  - Folkevalde som har arbeidstida si regulert etter skift- eller turnusplanar, eller på annan måte ikkje har fast arbeidstid, og som følgje av dette har fri utanom helg, kan få erstattat møtedag på fridag.
  - Folkevalde som jobbar deltid, får godtgjering for møte på fridag berre om møtedagen er fridag i turnusoversikta.
  - Pensjonistar og andre som ikkje er i arbeid, får ikkje godtgjering for møte på fridag.

- Der inntekta er dokumentert, kan tapt fridag godtgjera per dag med inntil 1/220 av ordførar si årlege godtgjering.
- Der inntekta ikkje er dokumentert, blir tapt fridag godtgjort med 2/1950 av ordførar si årlege godtgjering.

Tapt arbeidsinntekt blir i hovudregelen berre utbetalt for møte i vanleg arbeidstid, klokka 08.00 – 16.00.

Innimellan kan ein vera frisk nok til å skjøtta vervet som folkevald, sjølv om ein er sjukemeld frå jobben. I slike tilfelle blir det ikkje gitt erstatning for tapt arbeidsinntekt, sidan dette allereie er dekkja av sjukepengar.

Krav for tapt arbeidsforteneste, reiser og liknande utgifter skal meldast inn så raskt som mogeleg, og seinast innan 90 dagar etter at kravet oppstod. Det skal sendast til Austrheim kommune v/Innbyggjarservice, [post@austrheim.kommune.no](mailto:post@austrheim.kommune.no). Inneheld kravet personopplysningar, skal det sendast sikkert med e-dialog, eller som brev.

Krav skal dokumenterast. Krav som ikkje kan dokumenterast, blir berre dekka dersom utgiftene eller tapet er sannsynleggjort på annan måte.

Ferielova gjeld ikkje for folkevalde (jamfør ferielova § 2) og dei som er folkevalde har ikkje krav på feriefritid og feriepengar. I samband med dette kan det passa å nemna at tidsrommet frå månadsskiftet juni/juli og til midten av august som hovudregel er ein periode utan politiske møte. Det same gjeld romjul og påske.

## **§ 6 Verv med fast godtgjering: Ordførar, varaordførar, formannskapet, leiar utval for levekår og leiar av kontrollutvalet**

Kommunestyret i Austrheim har fastsett at ordførar skal ha godtgjering lik stortingsrepresentantar, betalt månad for månad. Godtgjeringa dekkjer arbeidet som ordførar, medrekna møtegodtgjering og leiaroppgåver i politiske organ der ordføraren er medlem/leiar.

Ordførar har krav på godtgjering ved utløp av valperioden, i inntil 3 månader. Denne retten fell vekk når vedkomande trer inn i ny eller eksisterande stilling, eller tar ut 100 % folketrygd. Ordførar som går inn i deltidsstilling eller tar ut mindre enn full pensjon, får redusert ettergodtgjeringa med same stillingsprosent. Ordførar som ikkje held fram etter nyval får feriepengar året etter, rekna ut frå godtgjering det siste året i valperioden, inkludert eventuell ettergodtgjering.

Varaordførar får ei fast årleg godtgjering på 12 % av ordføraren si godtgjering, betalt månad for månad. Varaordføraren er ikkje frikjøpt. Godtgjeringa dekkjer arbeidet som varaordførar, medrekna møtegodtgjering og leiaroppgåver i politiske organ der varaordføraren er medlem/leiar. Godtgjeringa dekkjer vidare representasjonsoppgåver, kortare vikaroppdrag for ordførar og perioden ordførar har ferie. Ved lengre vikaroppdrag blir varaordførar godtgjort tilsvarande ordføraren.

Varaordførar har ikkje krav på godtgjering ved utløp av valperioden.

Ordførar og varaordførar har rett på 5 veker ferie utan trekk i fast godtgjering.

Medlemmer i formannskapet har fast årleg godtgjering på 5 % av ordføraren si godtgjering. Den faste godtgjeringa til medlemmer i formannskapet skal dekka møter i formannskapet og kommunestyret, og representasjonsoppgåver. Dersom medlemmer i formannskapet møter i andre råd og utval, så skal det godtgjera på lik linje med andre medlemmer i desse råda og utvala. Godtgjering til

formannskapet blir utbetalt to gonger i året, sommar og vinter. Fråvær på meir enn 1/3 av møta i kalenderåret fører til reduksjon på 25 %, dette blir motrekna ved andre utbetaling for året.

Varamedlem som møter i formannskapet meir enn 1/3 av møta i kalenderåret, får utbetalt så stor del av den faste godtgjering som vedkommande har delteke på møte. Dette blir motrekna ved andre utbetaling for året. (% møtedeltaking = % av den faste årlege godtgjersla)

Leiar av utval for levekår har fast årleg godtgjering på 12 % av ordføraren si godtgjering. Dette dekkjer møtegodtgjering i alle politiske organ oppnemnde av kommunestyret, og representasjonsoppgåver. Godtgjering blir utbetalt to gonger i året, sommar og vinter. Fråvær på meir enn 1/3 av møta i kalenderåret fører til reduksjon på 25 %, dette blir motrekna ved andre utbetaling for året.

Leiar av kontrollutvalet får ei fast årleg godtgjering på 5 % av ordføraren si godtgjering. Godtgjeringa dekkjer møter i kontrollutvalet og leiaroppgåver. Ved fleire enn 6 møte årleg blir det betalt ei godtgjering på 0,4 % av ordføraren si godtgjering per ekstra møte.

## § 7 Arbeidsgodtgjering til medlemmer i ulike utval

Den som har tillitsverv i Austrheim kommune, har krav på godtgjering for sitt arbeid etter desse satsane. (Folkevalde med fast sats er også med i tabellen).

Tillitsverv	I % av ordførar
Ordførar	Fast 100 % per år
Varaordførar	Fast 12 % per år
Medlem formannskapet	Fast 5 % per år
Leiar utval for levekår	Fast 12 % per år
Leiar for kontrollutval	Fast 5 % per år
Medlem kommunestyre, formannskap og utval	0,16 % per møte
Vara kommunestyre, formannskap og utval	0,16 % per møte
Leiar i mellombels utval nedsett av kommunestyret	0,16 % per møte
Medlem i mellombels utval nedsett av kommunestyret	0,13 % per møte
Gruppeleiar, godtgjering for vervet	0,58 % + 0,27 % per partimedlem i kommunestyret
Leiar nemnder og råd, som RMNF, Eldreråd, Ungdomsråd	0,11 % per møte
Medlem/vara andre nemnder og råd, som nemnt over	0,07 % per møte
Folkevald representant i samarbeidsutval skule og barnehage	0,11 % per møte
Medlem valstyret, som ikkje er med i formannskapet	0,16 % per møte
Leiar røystestyret	0,30 % per møtedag
Medlem røystestyret	0,20 % per møtedag
Annan representasjon ikkje nemnt her	0,11 % per møte

Ordførar og varaordførar får ikkje møtegodtgjering i tillegg. Det får heller ikkje medlemmer i formannskapet og alle andre med fast godtgjering når dei møter i sine vanlege utval.

Der fleire utval har påfølgjande møte, vil folkevalde berre få godtgjering for eitt møte. Tilsvarande blir det ikkje utbetalt dobbel tapt arbeidsgodtgjering/løn.

Godtgjeringa er kompensasjon for arbeidet som tillitsvalt, og blir innrapportert som skattepliktig inntekt.

Møtegodtgjering gjev ikkje rett til sjukepengar. Om ein ikkje kan møta på grunn av sjukdom, blir det ikkje betalt godtgjering.

## § 8 Utbetaling og reknemåte

Godtgjering til stortingsrepresentantar blir vanlegvis regulert i siste stortingsmøte før sommaren, med verknadsdato frå 1. mai. For ordførar og varaordførar blir dette etterregulert når justeringa er vedteken.

For alle andre satsar, som alle har utgangspunkt i summen som er ordførar si godtgjering, blir satsen for før 1. mai brukt for heile vårhalvåret, medan satsen etter 1. mai blir brukt for hausthalvåret.

Godtgjering for møte blir summerte i juni og desember. For våren betyr dette utbetaling i juli, for hausten utbetaling i januar, eller ved ekstra lønskjøring seint i desember.

Alle møtesatsar som har utgangspunkt i ordførar si godtgjering, blir ved utrekning for utbetaling runda opp til nærmeste 50 kroner.

## § 9 Anna godtgjering til ordførar

Ordførar har datamaskin og smarttelefon inkludert bruk.

Ordførar er omfatta av same ordningar som tilsette i Austrheim kommune når det gjeld sjukepengar, forsikrings- og pensjonsordningar.

## § 10 Anna godtgjering til fast medlem i kommunestyre, formannskap og utval

Faste medlemmer i kommunestyre, formannskap og utval kan velja om dei vil ha kommunal datamaskin/nettbrett, eller få utbetalt 1.000 kroner årleg for bruk av privat datamaskin/nettbrett.

## § 11 Godtgjering til røystestyra

Medlemmer i røystestyra og andre valmedarbeidarar får godtgjering som sett opp i tabellen.

Valdagen vert rekna som eitt møte, og ev. opplæringskveldar vert rekna som eitt møte.

Leiar for røystestyre får sats 0,30 for valdagen, og sats 0,20 for kursdag.

## § 12 Støtteordningar til politiske parti

Kommunestyret løyver kommunale midlar til dei politiske partia og dei listene som til ei kvar tid er representerte i kommunestyret. Kommunestyret fastsett kvart år ein budsjettpost som vert fordelt på partia/listene etter den statlege fordelingsnøkkelen.

Fordelingsnøkkelen vart vedteke av kommunestyret i sak 128/08. Partia får 2 tilskot:

- Grunnbeløp 60 % av samla sum
- Representasjonstillegg 40 % av samla sum

Politiske parti og lister som er representerte i kommunestyret kan kostnadsfritt låna møterom i kommunale bygg, som på skulane. Møterom på kommunehuset kan berre lånast av dei som elles har tilgang til huset. Ein føresetnad for gratis utlån er at lokala vert bestilte på førehand, og at dei ikkje er leigde ut til andre. Lokala kan berre nyttast til møteverksemder eller anna politisk arbeid som ikkje er inntektsgjevande.

## **§ 13 Tolking, klagehandsaming**

Det er delegert til kommunedirektøren å tolka forskrifta. Klager skal handsamast av formannskapet, og formannskapet tek endeleg avgjerd i slike saker.

## **§ 14 Revisjon av forskrifta**

Kommunestyret kan revidera forskrifta. Om det vert gjort endringar i satsane skal dette gjelda frå den etterfølgjande kommunestyreperioden.

## **§ 15 Iverksetting**

Forskrifta gjeld frå 01.01.2024